

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 28.06.2017  
Vår ref.: 2017/4138-3  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 17/797 – 17/5167

Att. Andreas Sandnes Granli

## **Varsel om arkeologisk registrering - bygging av landbruksveg - gnr 146 bnr 1 - Skårholmen - Austrheim kommune**

Vi viser til brev datert 09.05.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og vårt brev datert 02.06.2017 med varsel om kulturhistorisk synfaring.

Den 22.06.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle arealet. Ved synfaringa vart det observert ein jordkjellar i område der den omsøkte vegen skal koplast på den lokale vegen. Vi ber om at det vert teken omsyn til jordkjellaren, då den er eit sentralt kulturminne knytt til jordbruket. Den er eit viktig lagringsrom som må sjåast på som ressurs i vidare forvaltning av det verdifulle kulturlandskapet.

Området si høgde over havet og topografiske høve indikerer at det er potensial for funn frå steinalder. Vi finn det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, jf. § 3 i kulturminnelova.

Registreringa vil verte utført ved graving av prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført. Arbeidsomfanget er estimert til ein dag i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skrivning av rapport. Sidan tiltaket er eit mindre privat tiltak dekkjer Hordaland fylkeskommune kostnadene ved ei slik registrering. Den arkeologiske registreringa vil verta gjort så raskt som råd, og etter nærare avtale med grunneigar.

Hordaland fylkeskommune ber kommunen om å vente med å fatte vedtak i saka til den arkeologiske registreringa er gjennomført, og tilhøve til kulturminneinteresser er avklart.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*